

Arsmelding 1998

A. Generelt

Nasjonalbiblioteket er ein av dei sentrale kulturinstitusjonane i landet og skal innanfor sitt felt vere den fremste kjelda til kunnskap om og forståing av Noreg, nordmenn og det norske samfunnet. Verksemda omfattar oppbygging, bevaring og tilgjengeleggjering av samlingar frå papirbasert til elektronisk informasjon i alle medium, basert på Lov om pliktavlevering, samt innkjøp av relevant utanlandsk materiale. Nasjonalbiblioteket skal for notid og ettertid ta vare på og gjøre tilgjengeleg den informasjonen som i ulike medium beskriv samfunnet vårt. Nasjonalbiblioteket har ansvar for eit breitt spekter av brukargrupper, og er eit kompetanse- og servicesenter for arkiv-, bibliotek- og museumssektoren.

Nasjonalbibliotekavdelinga i Rana kom til i 1989. Leiar for Nasjonalbiblioteket har sidan 1994 vore nasjonalbibliotekar Bendik Rugaas. Bjørg Simonsen har vore avdelingsdirektør i Rana sidan starten, medan Sissel Nilsen blei tilsett som avdelingsdirektør for den kommande avdelinga i Oslo i 1998.

Arbeidet i Nasjonalbiblioteket i 1998 har vore prega av å førebu overtaking av personale, bygg og dei norske og nordiske samlingane frå Universitetsbiblioteket i Oslo. Mange brikker måtte falle på plass for at Nasjonalbiblioteket frå 1.1.99 skulle stå fram som ein institusjon med tre avdelingar: NB Stab, NB Oslo og NB Rana.

B. Resultat

Nedanfor følgjer punkt som beskriv hovudmål og verksemd i 1998, det siste året Nasjonalbiblioteket berre hadde 2 avdelingar: NB Stab og NB Rana.

1. Nasjonalbiblioteket skal i samsvar med føresetnadene i pliktavleveringsloven søke ei mest mogeleg fullstendig innsamling av norske trykk, utgivingar i lyd- og biletmedium, kringkastingsmateriale samt elektroniske dokument.

Omfanget av leverte dokument er hovudsakleg som før, det vil seie at auken i avleverte monografiar har flata noko ut.

Statistikk over pliktavlevert materiale:

| | 1990 | 1991 | 1992 | 1993 | 1994 | 1995 | 1996 | 1997 | 1998 |
|--------------------------------|-------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------------------|
| Periodika, tal på titlar | 2.400 | 7.300 | 10.600 | 12.900 | 14.600 | 15.900 | 16.880 | 18.228 | 19.665 |
| Monografi | 5.600 | 10.200 | 11.200 | 12.200 | 12.800 | 13.500 | 13.400 | 10.874 | 13.521 |
| Bøker | | | | 11.502 | 11.627 | 11.989 | 12.575 | 10.158 | 11.475 |
| Lydbøker | | | | 160 | 271 | 403 | 139 | 214 | 285 |
| Småtrykk | 3.500 | 28.000 | 30.000 | 24.000 | 42.500 | 30.800 | 29.660 | 16.500 | 31.531 |
| Postkort | - | - | 300 | 700 | 1.600 | 4.500 | 5.080 | 3.900 | 3.454 |
| Plakatar | - | - | 500 | 800 | 1.000 | 800 | 950 | 750 | 925 |
| Kart | | | | | | | | | 459 |
| Musikalia | | | | | | | | | 496 |
| Radio- og kringkastingsprogram | | 2.900 | 12.730 | 10.210 | 16.822 | 17.320 | 17.238 | 19.379 | 17.730 (kassettar) |
| CD-ROM | | | | | | | 80 | 42 | 78 |
| Diskettar | | | | | | | 332 | 44 | 46 |

Berre 6 månader i 1990.

Ved utgangen av 1997 hadde Senter for pliktavlevering over ein månads etterslep på registrering av materiale. At talla for 1997 er lavere enn føregåande år speglar altså ikkje ein nedgang i avleveringa.

Diskettar 1996 gjeld perioden 1990-1996.

Elles er det ingen endringar, verken på periodika eller andre dokument.

Eit prosjekt for registrering av periodika i **BIBSYS** – Fortunaprosjektet - blei fullført og den løpende behandlinga av periodika blir frå no gjort i BIBSYS. Det dreier seg om 19.000 titlar i året.

Omfanget av motteke kringkastingsmateriale var hovudsakleg som dei føregåande åra. Frå dei landsdekkjande radio- og fjernsynskanalar og distriktskontora deira blei det i 1998 levert 17.730 kassettar. Dette utgjorde omlag 90.000 speletimar. Registrert bestand ved årsslutt var i alt 650.742 speletimar.

Pliktavleverte lydfestingar blir framleis mottekne frå Norsk MusikkSamling. Talet på pliktavleverte lydfestingar var i 1998 462 einingar, som er ein nedgang på 18% frå 1997. Det blei vidare kjøpte inn 217 einingar Norvegica og historisk materiale.

Frå **Norsk filminstitutt** blei det motteke 33 pliktavleverte filmar og 72 videogram.

Det blei gjennomført eit omfattande utgreiingsarbeid om pliktavlevering av elektronisk materiale. Det blei ikkje opna for lagring av nettdokument i 1998, da den tekniske sida ikkje var på plass.

2. Nasjonalbiblioteket skal drive samlingsoppbygging også basert på norsk, nordisk og relevant utanlandsk materiale.

I 1998 blei det deponert i alle 2015 filmrullar, og 240 lydband (sepmag), i hovudsak frå [Norsk filminstitutt](#). Alt materiale blei registrert og sikra i magasina.

Lyd- og biletarkivet mottok 3 historiske fotosamlingar med til saman 14.100 Opgåva omfattar sikringskopiering, registrering, digitalisering og tilgjengeleggjering i [Galleri Nor](#). Nasjonalbiblioteket forvaltar ved utgangen av 1998 55 fotosamlingar med til saman 995.000 motiv.



Biletet er henta frå databasen [GALLERI NOR](#) og viser Roald Amundsen som barn fotografert av Anders Beer Wilse i 1875/77. Biletet tilhører Norsk Folkemuseum.

Fra [NRK Fjernsynet](#) blei det i 1998 motteke digitale kopiar av ca 500 historiske fjernsynsprogram. Frå Studentradioen i Tromsø blei det deponert 2000 kassettar med opptak frå tidleg 1970-tal.

Avdelinga fekk deponert 14 musikksamlingar med til saman 2.764 einingar, i hovudsak LP-plater, masterband og studioband frå norske plateselskap. Frå Nordland fylkesbibliotek blei det motteke ei verdifull samling plateutgivingar som i dag er svært vanskeleg å skaffe. Musikksamlinga utgjorde ved årets utgang 25.906 einingar.

3. Nasjonalbiblioteket har klare bevaringsoppgåver for samlingane knytt til restaurering, konservering, overføring til andre medium samt museale funksjonar, og skal verke som eit nasjonalt senter for slike funksjonar.

I 1998 blei det restaurert 144 filmtitlar, til saman 21.815 meter. Av dette var det 34 sv/h dokumentarfilmar og 110 reklamefilmar i fargar. Halvparten av nitratfilmbeholdninga til Nasjonalbiblioteket er til no restaurert og kopiert til sikringsfilm (safetyfilm).

17.000 fotografi blei overførte til 70 mm sikringsfilm og 2 millionar avissider blei mikrofilma. Av dette blei ca 50.000 sider digitalisert og overført til CD-ROM.

NB Rana utarbeidde i 1998 ein strategiplan for bevaring av alle typer dokument som inneheld planar for katastrofeberedskap, bevaringsprogram for alle materialgrupper samt ei organisering og fordeling av ansvar i organisasjonen.

Det blei i 1998 teke i bruk eit nytt styringssystem for attfinning av materiale i sikringsmagasinet. 48 % av hyllearealet i fjellmagasinet var ved utgangen av året fylt opp.

4. Nasjonalbiblioteket skal utføre registreringsoppgåver som utarbeiding av nasjonalbibliografi og samkatalog, samt vere eit kompetansesenter for klassifikasjon og katalogisering for alle medium.

10.870 fotografi blei overførte til eit digitalt høyekvalitetsformat og lagt ut i [Galleri Nor](#).

Ved årets utgang var ca 70.000 digitale bilete tilgjengelege, i hovudsak bilete tekne av fotografen Anders Beer Wilse. Saman med andre nasjonale fotobearingsinstitusjonar blei det utvikla eit einsarta regelverk for katalogisering av fotografi.

I allt 262 filmtitlar og 72 videotitlar blei katalogiserte i MAVIS. Av dette var 33 filmtitlar og alle videotitlane pliktavlevert materiale, resten var historisk materiale på sikrings- og nitratfilm.

Av musikkmateriale blei 1159 hovudtitlar (cover) og 5483 deltitlar (spor) katalogiserte i MAVIS.

5. Nasjonalbiblioteket skal utføre funksjonar retta mot publikum med utgangspunkt i eigne og andre samlingar, gjennom eit breitt spekter av tenester knytt til tilgjengeleggjering, formidling, informasjons- referanse- og dokumentasjonstenester.

Svært mye av NB Ranas oppgåver retta mot publikum er knytte opp mot verksemda ved Depotbiblioteket og til tilgjengeleggjering av digitalt materiale over nett.

Depotbiblioteket lånte ut 43.068 einingar og formidla 2.825 kopiar.

Det blei registrert 1.805.080 oppslag i Nasjonalbibliotekets tenester på Internett.

I tillegg stiller Lyd- og biletarkivet sine samlingar til rådvelde for forsking og dokumentasjon. Frå dei audiovisuelle samlingane blei det vidareformidla:

Kringkastingsmateriale: 173 ordrar
Fotografi: 174 ordrar
Musikkmateriale: 55 ordrar

6. Nasjonalbiblioteket skal løyse kulturelle oppgåver gjennom mellom anna utstillingar og publikasjonsverksemrd og vere ein sentral institusjon i kulturformidling.

Ein ny grafisk profil for Nasjonalbiblioteket, inkludert ny logo, blei utarbeidd. Planar for informasjonsarbeidet i Nasjonalbiblioteket tok form og det blei førebudd ein rettleiingsserie og ein skriftserie. Alt det grafiske arbeidet blei til i samarbeid med firmaet Millimeter Design.



Ramma for Nasjonalbibliotekets nye heimeside blei utarbeidd. Heile den nye vevtenesta blei publisert 11. januar 1999.

Kulturnett Noreg fekk i 1998 prosjektkontoret sitt ved NB Rana.



7. Nasjonalbiblioteket skal utføre forskings- og dokumentasjonsoppgåver.

- Det er laga ein import/eksportfunksjon mellom Galleri Nor og Regimus som gjer at det skal vere mogeleg å eksportere katalogdata frå Regimus til Galleri Nor.
- NB Rana tok i 1998 i bruk ein kraftig modernisert og forbetra versjon av programsystemet MAVIS for registrering og katalogisering av audiovisuelt materiale.
- Det kom på plass eit omfattande intranettsystem ved NB Rana for handtering av intern informasjon i verksemda. Dette har vore ein suksess og tenesta skal ytterlegare byggast ut i 1999.
- Vidar Vanberg fekk midlar til å utarbeide "Norsk lydhistorie 1879-1935- historikk og veiledning i innsamling, registrering og anvendelse av historiske lydsamlinger". Arbeidet vil bli publisert i Nasjonalbibliotekets skriftserie i 1999.
- I samarbeid med Universitetsbiblioteket i Oslo, Hovudbiblioteket blei det gjennomført ei brukarundersøking blant fag- og folkebibliotek i landet. Resultatet av undersøkinga vil bli publisert i 1999.
- Nasjonalbibliotekaren er med i programstyret for Bibliotekforskningsprogrammet i Norges forskningsråd. NB støttar og programmet økonomisk.

8. Nasjonalbiblioteket skal utføre depotbibliotekfunksjonar, samt distribusjons- og låneverksemd.

Depotbiblioteket mottok i 1998 12.000 bind frå norske biblioteksamlingar 34% kom frå folkebiblioteksektoren, 32% frå universitet og høgskolebibliotek og 34% frå andre institusjonar.

Totalt er det no registrert 413.783 bind i Depotbiblioteket. Inkludert i dette er fjernlåneksemplar av norsk pliktavlevert materiale og 9.212 mikrofilmrullar av norske aviser.

Samlinga er registrert i BIBSYS og Norsk Samkatalog og tilgjengeleg for bibliotek gjennom fjernlån og fotokopiering av tidsskriftartiklar.

I 1998 blei det lånt ut 43.068 bind og 2.825 artiklar blei leverte som kopiar.

Frå gjenbrukssamlinga blei det vidareformidla 489 bind til bibliotek og institusjonar. Denne samlinga består av overskottsmateriale frå avlevering til Depotbiblioteket.

Arbeidet med å utvide retten til å formidle kringkastingsmateriale blei ført vidare utan resultat.

9. Nasjonalbiblioteket skal gje råd til norske bibliotek i juridiske og tekniske spørsmål knytt til bibliotekverksemda i vid forstand.

I 1998 utarbeidde Nasjonalbiblioteket ei rettleiing i opphavsrett for norske bibliotek. Rettleiinga er framleis under arbeid av di ein ventar på ei ny forskrift til åndsverklova. Rettleiinga vil bli publisert i 1999 i samarbeid med Statens bibliotektilsyn.

Den juridiske rådgjevaren i Nasjonalbiblioteket blei i 1998 engasjert av Europaratet til å utarbeide eit utkast til ei anbefaling om biblioteklovgiving og bibliotekpolitikk i Europa.

10. Nasjonalbiblioteket skal vidareutvikle dei digitale tenestene sine i samarbeid med anna norsk, nordisk og internasjonal utvikling.

Nasjonalbiblioteket tok aktivt del i fleire internasjonale samarbeidsprosjekt i 1998:

- **NEDLIB** – Dette EU-finansierte prosjektet var i 1998 i ein startfase der ein jobba mye med avklaring av innhald i arbeidspakkar og samansetjing av prosjektet. Prosjektet omfattar både innsamling, kvalitetssikring og tilgang til pliktavleverte elektroniske dokument, både fysiske dokument (f.eks. CD-ROM) og nettdokument. I tillegg er langtidslagring ein viktig del av prosjektet, der ein skal utprøve både teknologi og formålstenlege format. Migrering mellom forskjellige medium og format skal prøvast ut i praksis.
- **BIBLINK** – Dette EU-prosjektet skal resultere i ein fungerande prototyp for utveksling av metadata (Dublin Core) mellom utgivarar og nasjonalbibliotek. Utgivarar skal registrere opplysningar om dei elektroniske publikasjonane etter ein gitt mal og deretter overføre opplysningane til Nasjonalbiblioteket som kvalitetssikrar metadataposten og ev. tilfører nye element. Dersom utgivarar ønskjer det, kan dei få data i retur og inkludere dei i dokumentet ved utgiving og/eller bruke data i interne system. Samtidig blir data overførte til nasjonalbibliotekas biblioteksystem, for mellom anna registrering i nasjonalbibliografien. Her tok ein i 1998 aktivt del i å spesifisere og utvikle programvare.
- **LAURIN** - Dette EU-finansierte prosjektet var i 1998 i ein startfase der ein jobba mye med å avklare innhald i arbeidspakkar og å setje saman prosjektet. Målet med prosjektet er å utvikle nødvendig programvare for å kunne katalogisere, digitalisere og presentere avisartiklar på Internett - berre tilgjengeleg via bibliotek. NB har primært ansvar for spørsmåla rundt opphavsrett til materialet og korleis ein skal få til avtalar med rettighetsavarane, knytt til bruk, for å kunne realisere slike digitale klipparkiv.

- TIDEN – er eit nordisk samarbeidsprosjekt der ein har som målsetjing å digitalisere og OCR-behandle avisartiklar frå 17-1800- talet.

11. Nasjonalbiblioteket skal delta i det internasjonale samarbeidet mellom nasjonalbibliotek og i andre relevante internasjonale samanhengar.

Nasjonalbibliotekaren deltek både i [CENL \(Conference of European National Librarians\)](#), CDNL (Conference of Directors of National Librarians) og i [IFLA](#) sin Standing Committee on National Libraries. Under 1998 IFLA i Amsterdam blei det også gjennomført møte i CDNL. Nasjonalbibliotekaren deltek også i NORON, eit fast møteforum for dei nordiske riks- og nasjonalbibliotekarane.

Nasjonalbiblioteket tek del i det europeiske samarbeidet om informasjonstenaren [Gabriel](#) som vidareformidlar informasjon frå alle europeiske nasjonalbibliotek på Internett.

NB Rana har ved fleire høve delteke på Nordic Web Archive møte. Der har ein spesielt drøfta forskjellige problemstillingar rundt innsamling av elektroniske dokument på verdsveven.

Prosjektet Nordic Digital Library NDLC blei avslutta 31.12.1998. Det nordiske samarbeidet blir videreført blant anna i prosjektet "Tiden".

12. Nasjonalbiblioteket skal gje [Kulturdepartementet](#) råd i spørsmål som gjeld nasjonale bibliotekfunksjonar, både av juridisk, teknisk og generell art.

Nasjonalbiblioteket har i 1998 særleg assistert Kulturdepartementet med å førebu stortingsmelding om arkiv, bibliotek og musé.

Nasjonalbiblioteket har i 1998 behandla 6 andre større saker der Kulturdepartementet har bedt om faglege råd.

C. Økonomi

| | | NB Stab | | | NB Rana | | | NB | | |
|-------|----------------------|---------|-------|-------|---------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Post | | 1996 | 1997 | 1998 | 1996 | 1997 | 1998 | 1996 | 1997 | 1998 |
| 01-1 | Løn og godtgjeringar | 1.808 | 2.424 | 3.843 | 32.221 | 31.950 | 40.385 | 34.029 | 34.374 | 44.228 |
| 01-2 | Varer og tenester | 2.317 | 1.987 | 5.151 | 30.352 | 32.291 | 40.083 | 32.669 | 34.278 | 45.234 |
| 21 | Oppdragsverksemnd | | 750 | 415 | 5.106 | 1.300 | 5.132 | 5.106 | 2.050 | 5.547 |
| 01-02 | Inntektar | 284 | 750 | 824 | 6.415 | 13.000 | 6.673 | 6.699 | 13.750 | 7.497 |
| 45 | Store investeringar | | | | 11.035 | 10.807 | 10.978 | 11.035 | 10.807 | 10.978 |

